

iVest Consult treng fleire medarbeidarar

iVest Consult AS driv med fleirfagleg rådgjeving innan bygningar, anlegg, infrastruktur, arealplan, miljø, energi og vasskraft. iVest Consult er eigd av dei tilsette og er eit selskap med fagleg dyktige menneske i kontinuerleg utvikling. Som tilsett i iVest Consult får du tilbod om medeigarskap.

Selskapet har i dag 35 tilsette og utgjer eit betydeleg kompetansemiljø i vårt distrikt. Vi har oppdrag langt utover vårt nærrområde og deltek i prosjekteringsgrupper på fleire større prosjekt.

Vi held til i sentrum av Florø, der vi har kontor i nye lokale i 3. og 4. etasje av Strandgata 15 og 17, i eit spanande fagmiljø med reklamebyrå, advokatar, arkitektar, økonomar, fiskeri og havbruk m.m., og med hamna som nærmaste nabo.

Sivilingeniør/Ingeniør – VVS og energi

Vår oppdragsmengd aukar og vi ynskjer difor få tilsett ein erfaren person innan VVS og energi. Vi prosjekterer, modellerer og utarbeider komplette anbudsgrunnlag for både private og offentlege aktørar. Våre oppdrag er gjerne knytt til prosjektering og oppfølging for seg, eller i kombinasjon, og ofte også i saman med fleire andre fagfelt, som t.d. Arkitektur, elektro og Bygg.

I tillegg utfører vi arbeid innan energimerking- og sertifisering, energiutredningar, tilstands- vurderingar, og hjelper til med søknadar som til dømes til Enova.

Vi har og merka aukande tilfang på oppdrag som ITB-koordinator og teknisk byggherreombod.

Vi ønskjer at du:

- Har godt humør, engasjement og trivast med høgt tempo.
- Er utdanna sivilingeniør eller ingeniør innan fagområda VVS og energi.
- Har min 3-5 års erfaring innan fagområdet, helst som rådgjevar. Nyutdanna vert også oppmoda om å søke.
- Kan gå rett inn i rolla som prosjektansvarleg.
- Har gode evnar og vilje til å arbeide både sjølvstendig og i team.
- Har gode evnar til skriftleg og munnleg framstilling.

Vi kan tilby:

- Varierte og utfordrande arbeidsoppgåver, med gode utviklingsmoglegheiter.
- Spanande arbeidsmiljø med stor fagleg breidde.
- Ein arbeidsplass med fokus på miljø – både fagleg, i utføring av arbeidsoppgåver og sosialt.
- Konkurransedyktige tilsettingsvilkår og tilbod om medeigarskap.
- Flotte nye og nyoppussa lokaler i Florø sentrum.
- For erfarne og sjølvstendige kandidatar, kan det etter naudsynt opplæring og innkøyring, vere aktuelt å få sitte på avdelingskontor/satelittkontor andre stader i fylket, alternativt noko på heimekontor.

For meir informasjon, sjå: www.iVestconsult.no

Søknad og CV sendast til jih@investconsult.no, seinast 16.12.2018.

Merk søknad med "Sivilingeniør/ingeniør VVS og energi"

Kontaktpersonar: Hilmar Eliasson, tlf. 966 27 988/ Jan-Inge Hage, tlf. 975 11 472